

*Moglegheiter for alle*

Lærdal Høgre

# Valprogram

2023–2027

Lærdal Høgre



## Kjære veljar,

Lærdal skal vere den beste kommunen å bu og leva i. Me skal ta vare på dei eldre, på ungane, jobbane og frivilligheta, og då må me bli ein ja-kommune som legg til rette for eit bærekraftig landbruk, eit utviklande næringsliv og eit framtidretta reiseliv.

Det skal være godt å bu, leve og bli gamal i Lærdal. Ungane i Lærdal skal oppleve trygge vaksne, omsorg, trivsel og mestring i barnehage og skule, dei eldre skal kjenne seg godt ivaretekne, og nyinnflyttarar skal kjenne seg velkomne og innkluderte. Me i Høgre vil jobbe for å sikre nok og godt kvalifiserte personale i alle ledd. Me vil i tida som kjem trenge alle gode hender, då handler det om å skape gode miljø, ha god legedekning, ta imot fleire lærlinger, og ha fokus på kunnskap og utvikling.

Me ska òg ta godt vare på dei vel etablerte næringane me har, og kraftproduksjonen vår. Næring gir velferd og velferd gir oss barnehagar, skular, omsorgsbustader, sjukeheim og ein trygghet på at me blir tekne vare på når me treng det.

Alle som vil skal kunne jobbe og bu i Lærdal. Då treng me ikke berre jobbar til alle, men òg bustadtomter, bustader og attraktive tilbod for unge og eldre. I Lærdal er me gode på arrangement og aktivitet. Her er frivilligheta svært viktig. Den gjer Lærdal til ein attraktiv kommune, sikrer gode folkehelse, gjer grendene våre levende og skapar identitet og fellesskapsfølelse. Då er det viktig å sette pris på dei frivillige som skapar gode og viktige møteplasser for innbyggjarane våre.

Alle våre ti kandidatar er motiverte og klare for å gjera Lærdal til den beste kommunen å bu i. Me seier ja til å utvikle Lærdal. Me trur på regionen og kommunen vår, og me går til val på å gjere Lærdal til ei kommune med moglegheiter for alle.

Godt val!

**Frøydis Helland**  
Ordførarkandidat



# Saman er me sterke – Interkommunalt samarbeid

Meir interkommunalt samarbeid er nøkkelen for å løyse stadig nye og meir krevjande oppgåver. Lærdal Høgre ynskjer ein god dialog og samhandling med nabokommunane for å finne gode løysingar til det beste for innbyggjarane.

## Lærdal Høgre vil:

- Legge til rette for meir interkommunalt samarbeid og større fagfellesskap for å sikre god kompetanse for stå betre rusta i møte med framtidens utfordringar.



# Saman for framtida – Vekst og utvikling

Lærdal Høgre vil jobbe for å bli ein næringsvennleg kommune som heiar på dei som vil vere med å byggje framtida. Alle som vil skal både kunne jobbe og bu i kommunen. Lærdal Høgre vil jobbe for å finne gode og funksjonelle løysingar for både innbyggjarane og næringslivet i samband med natt-/kveldsstenginga av Lærdalstunellen.

## Lærdal Høgre vil:

- At kommunen yter god service og er ein viktig medspelar for næringslivet.
- At Lærdal Næringsutvikling (LNS) skal være ein paraply-organisasjon for næringslivet, organisasjonar og foreningar slik at ein får tettare samarbeid og marknadsføring.
- Å støtte grønne næringar.
- Å støtte opp om eit bærekraftig landbruk i Lærdal.
- Å støtte opp under utvikling og satsing på lokal mat og drikke.
- Å utvikle Lærdal til ein heilårs destinasjon innan reiseliv.
- Å vidareutvikle Lærdal og Sogn som eit berekraftig reisemål med høg kvalitet.
- Å ta opp att arbeidet med å utvikle Sjøfronten.
- Legge til rette for landstaum for superyachts.
- Utvikle fjordsti, ny strand og området med badelagune, stupetårn og ny volleyballbane ved fjorden.



- Ruste opp gatedekket i gamlegata, oppgradere parkannlegg, forbedre og utvikle Holdeplassen og Kvammegården som attraktive møteplassar og fellesareal.
- At Lærdal kommune legg til rette for nye parkeringsplassar i sentrum med lademuligheiter for el-bil.
- Betre skilting og informasjon i sentrum.
- Legge til rette for universell utforming i parkar, byggingar og turstiar.
- Jobbe for å få realisert planane om golfbane på Ljøsne.
- Busetjing i heile Lærdal, fortetting på Øyri, utviding av Saltkjelen bustadfelt og bustadtomter på Borgund.
- Flytte biblioteket inn i Rådhuset, for å opne opp og skape eit naturleg midtpunkt i sentrum.
- At Lærdal kommune vidarefører gode fastprisavtalar på strøm, og har konkurransedyktige kommunale avgifter og gebyr.
- At Lærdal kommune ikkje innfører eigendomsfatt på bustader og Fritidshus.



# Å stå saman på tvers av generasjonar - Skule, eldreomsorg og velferd

Lærdal Høgre vil at Lærdal skal være ein trygg og god kommune å vekse opp i, bu i og bli eldre i. Difor ynskjer me å utvikle tenestene våre. Me vil sikre kunnskap og god kvalitet i alle ledd, og sikre god brukarmedverknad.

## Lærdal Høgre vil:

- Sikre full barnehagedekning - også i sommarsesong.
- Oppretthalde opningstider i barnehage og SFO.
- Legge til rette for trivsel og utvikling. Nulltoleranse for mobbing.
- Innføre eit varmt måltid i barnehagen og i skulen.
- Gjere nytte av gode frivillige ressursar i barnehage og skule.
- Ta tilbake Jotunheimturen i 9.klasse som ein obligatorisk del av timeplanen.
- Støtte opp om og vidareutvikle entreprenørskap i skulen.
- Tilby valfag som mopedopplæring, jegerprøva og båtførarprøva.
- At alle skal ha ein trygg og god skuleveg.
- Legge til rette for lære plassar og praksis plassar.





- Sikre god norskopplæring for framandspråklege, både flyktingar og arbeidsinnvandrarar.
- Støtte opp om alle lag og organisasjonar som fremjar meistring, trivsel og velvære.
- Være ein brubyggjar på tvers av generasjonar, gjennom aktivitar, trivselstiltak og fagutvikling. Leve heile livet.
- Legge til rette for velferdsteknologi.
- Jobbe for at eldre får moglegheit til å bu heime så lenge som mogleg.
- Vidareføre det gode måltid, med fokus på lokale råvarer.
- Opprette helsestasjon for eldre, møteplass med informasjon og temadagar.
- Sikre god legedekning og stabilitet i helsetenesta.
- Gi rask psykisk helsehjelp.
- Sikre god brukarmedverknad.



# Våre kandidatar



Ordførarkandidat

**Frøydis  
Helland**

Ljøsne



2. plass

**David  
Molde**

Øyri



3. plass

**Knut  
Opdal**

Borgund



4. plass

**Kathrine Mari  
Njåstad Braaflat**

Øyri



5. plass

**Rune  
Einemo**

Strendene



6. plass

**Guri  
Olsen**

Øyri



7. plass

**Kristoffer  
Iversen**

Borgund



8. plass

**May Britt  
Berge Solheim**

Ljøsne



9. plass

**Olav  
Haugen**

Øyri



10. plass

**Emilie  
Helland**

Ljøsne

